

Vedlegg – høyringsbrev endringar i gebyrforskrifta 2009 – merknadar – 09.07.2009

Merknadar til dei særskilde paragrafane

Til § 1 Gebyrfordeling mellom forvaltningsområde

Paragraf 1 i gebyrforskrifta viser fordelinga av inntektskravet for Post- og teletilsynet som Stortinget årleg set fast i samband med handsaminga av St.prp. nr. 1 statsbudsjettet. Gebyrfordelinga mellom forvaltningsområda er no revidert og departementet legg difor fram forslag til slik endring av § 1:

1. %-satsen blir endra frå 45,5% til 49% for tilbydarar av elektronisk kommunikasjonsnett, elektronisk kommunikasjonsteneste og tilhøyrande fasilitetar, sertifikatutstedar som er registreringspliktig etter lov 15. juni 2001 nr. 81 om elektronisk signatur § 18, eller som kjem inn under frivillige sertifiseringsordningar eller sjølvdeklarasjonsordningar, jf. § 16a, innehavar av løyve til bruk av nummer, namn og adresseressursar og verksemd som delar ut domenenamn under norsk landtoppdomene,
2. %-satsen blir endra frå 45,5 til 41% for innehavar av frekvensløyve,
3. %-satsen blir endra frå 6% til 8% registrert importør, produsent og radioforhandlar, frå autorisert installatør og frå innehavar av løyve for aeromobilt utstyr og nødpeilesendar og anna radioutstyr og som gebyr for nasjonal godkjenning for radio- og terminalutstyr, og
4. %-satsen blir endra frå 3% til 2% for postoperatør.

Forskrift om gebyr til Post- og teletilsynet 21. februar 2005 vart utarbeidd under omsyn til administrativ effektivitet som tilseier at tilsynet skal bruke minst mogleg ressursar på å administrere si eiga finansieringsordning. Prinsippet om at forvaltningsoppgåvene i tilsynet var todelt, tilsynsoppgåver og ressursforvalting, vart då fastlagt og går fram av gebyrutrekninga i forskrifta.

Post- og teletilsynet har no revidert ressursforbruket innanfor det enkelte forvaltningsområdet, og det har då ført med seg nokre %-vise endringar. Endringane skriv seg i nokon grad frå effektivisering innanfor nokre forvaltningsområde, attåt meir ressursbruk innanfor andre forvaltningsområde. Dei administrative kostnadene er, som tidlegare, av omsyn til administrativ effektivitet, fordelte etter ei overordna og minst mogleg detaljert løysing.

Til § 3 gebyr for løyve til bruk av nummer, namn og adresseressursar

I § 3 nr. 3 blir det foreslått ei endring for 5-sifra nummer. Beløpet som ein bruksrettshavar betaler til det offentlege for å bruke eit 5-sifra nummer, inneheld både ein avgiftsdel og ein gebyrdel. Avgiftsdelen er regulert i forskrift 16. februar 2004 om nummerressursar for elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester (nummerforskrifta) § 22a.

Avgifta går til statskassa. Gebyrdelen går til Post- og teletilsynet og skal dekkje arbeidet tilsynet har med forvaltinga av ressursen. Gebyrdelen er regulert i forskrift om gebyr til Post- og teletilsynet av 21.februar 2005. Årleg gebyr for løyve til bruk av 5-sifra nummer tidlegare har vore kr 6 000 for kvart nummer jf. § 3. Ved endringsforskrift 18. desember 2008 vart dette endra til kr 3 300.

Grunngjevinga for endringa var at kr 3 300 i større grad speglar dei faktiske kostnadene Post- og teletilsynet har med forvaltinga av den aktuelle ressursen.

Gebyr for 5-sifra nummer til ikkje-kommersielle føremål av samfunnsnyttig karakter vart ved den nemnde endringsforskrifta auka frå kr 1 000 til kr 2 000. Føremålet var å gradvis auke til eit gebyr som i sterkare grad speglar dei faktiske kostnadene. Dei faktiske kostnadene Post- og teletilsynet har med forvaltinga av denne delen av den 5-sifra nummerressursen er ikkje lågare enn for ordinære 5-sifra nummer. Departementet ønskjer difor ein auke i gebyret for denne gruppa slik at det får same nivå som andre 5-sifra nummer. Departementet gjer derfor framlegg om at gebyret for bruk av 5-sifra nummer generelt blir sett til kr 3 300.

På bakgrunn av dette gjer departementet framlegg om å auke gebyret for 5-sifra nummer til ikkje-kommersielle føremål av samfunnsnyttig karakter til kr 3 300 slik at også desse vil vere på eit kostnadsorientert nivå.

§ 3 første ledd nr. 3 blir føreslege endra til:

”3. For 5-sifra nummer kr 3 300 for kvart nummer.”

Om 6-sifra EØS-harmoniserte nummer

Den 6-sifra EØS-harmoniserte nummerserien som startar på 116, vart innført hausten 2008. Eit overslag kan tyde på at eit årleg gebyr på kr 3 300 for kvart nummer vil vere kostnadsdekkjande inntil eit breiare erfaringsgrunnlag ligg føre. Det blir derfor gjort framlegg om å ta inn eit nytt punkt nr. 4 i § 3 første ledd lydande:

”4. For 6-sifra EØS-harmoniserte nummer kr 3 300 for kvart nummer”.

Ved innsetjing av dette punktet blir eksisterande nr. 4 ny nr. 5.

Om 12-sifra maskin-til-maskin nummer:

Den 12-sifra nummerserien for maskin-til-maskin (M2M) kommunikasjon tek til å gjelde frå 1. januar 2010, jf. nummerforskrifta § 16. Eit overslag kan tyde på at eit årleg gebyr på kr 0,05 for kvart nummer vil vere kostnadsdekkjande inntil eit breiare erfaringsgrunnlag ligg føre. Det blir derfor gjort framlegg om at det blir teke inn i § 3 nr. 1 at punktet gjeld for 8- og 12-sifra nummer og at innskrenkinga til åtte siffer i § 3 nr 1 bokstav b blir fjerna.

§ 3 første ledd nr. 1 bokstav b blir føreslege endra til:

”Årleg gebyr for løyve til bruk av nummerressursar i nummerplan for telefon m.m. (E.164) er:

1. for løyve til bruk av 8- og 12-sifra nummer kr 10.000, eller der dette gir høgare gebyr

a) for 8-sifra nummer i 8xx-serien kr 0,20 for kvart nummer

b) for nummer i seriane 2, 3, 5, 6, 7 kr 0,05 for kvart nummer

c) for 8-sifra nummer i seriane 4 og 9 kr 0,15 for kvart nummer”

Endringar §§ 8, 9, 10 og 12 i gebyrforskrifta

Til § 8 Gebyr for frekvensløyve

Til tredje ledd bokstav a

Forskrifta § 8 omtalar korleis gebyr for frekvensløyve skal fordelast mellom dei ulike kategoriane av frekvensbrukarar. Tredje ledd bokstav a oppgjev i prosent kva brukarane av PMR og lågeffektssystem skal betale i gebyr. Sendarløyve for lågeffektssystem vart teke inn under same prosentsatsen som for sendarløyve og spektrumsløyve ved førre revisjon av forskrifta. Bakgrunnen for dette var at ein ønskte å presisere at sendarløyve for lågeffektssystem skal reknast ut etter § 9 uavhengig av kva for frekvens dei bruker.

Departementet har kome til at det vil vere klargjerande for aktørane å ta inn ei forklaring i forskrifta om kva lågeffektssystem er. Det blir derfor gjort framlegg om å ta inn i regelen at ein med lågeffektssystem tenkjer på radiosendarar/utstyr med maksimalt utstrålt effekt mindre enn eller lik 500 mW.

Til tredje ledd bokstav b og c

I tråd med kva som vart signalisert ved førre revisjon av gebyrforskrifta i 2008, gjer departementet framlegg om å fjerne unntaket i bokstav b og c om analog TV-kringkasting. Dette kjem som ei følge av at det etter sløkkinga av dei analoge kringkastingssendingane i 2009, ikkje lenger er aktuelt å skilje ut analog TV-kringkasting. Gjeldande bokstav d blir derfor bokstav c og med ei korrigering av tilvising til berre bokstav a og b.

Til tredje ledd bokstav d

Gjeldande bokstav e blir bokstav d og har fått ein auke av prosentsatsen frå 39 til 42 % som skal fordelast mellom innehavarar av spektrumsløyve. Auken på 3 % kjem som ein følge av at gebyret som etter gjeldande forskrift blir betalt av innehavarar av analog TV-kringkasting, blir overført til innehavar av spektrumsløyve i frekvensbandet 470-790 MHz, i tråd med kva som vart varsla ved revisjonen i 2008. I 2010 vil all TV-kringkasting vere digital og innehavar av løyvet i frekvensbandet 470-790 MHz vil få full utnytting av løyvet. Dersom det mot formoding skulle vise seg at Nordisk televisjon (NTV) som har konsesjon for digitalt bakkenett ikkje har god nok dekningsgrad og dei analoge stasjonane i desse regionane dermed ikkje kan slokkes, vil denne nye forskifta handsame det slik: NTV vil få gebyr som om dei har tilgong til heile frekvensløyvet i heile landet. Dei analoge stasjonane (netta) som da ikkje er slokt gebyrbelastas med heimel i § 10. Det inneber at tilsynet vil ta inn den andelen dei skal etter § 10, men tilbydarane vil dette året betale ein vesentleg lågare sum pr løyve samanlikna med tidlegare år.

I gjeldande forskrift § 8, tredje ledd, bokstav b i.f. framgår at "Gebyr for vidaresending av kringkasting skal og reknast ut etter denne bokstaven." I framlegget går departementet inn for å fjerne dette, da vidaresending ikkje lengre treng særskild merksemd. Dersom Post- og teletilsynet eventuelt har frekvensar som kan fordelast til vidaresending av kringkasting vil § 10 fange opp desse tilfella.

Til § 9 Gebyr for frekvensløyve for Profesjonell Mobil Radio og sendarløyve for Lågeffektssystem

Til første ledd

Ved førre revisjon av gebyrforskrifta vart det vedteke å ta inn ei presisering i første ledd første setning om at fastleddet på kr 100 000 som innehavar av spektrumsløyve for Profesjonell Mobil Radio (PMR) må betale, er knytt til kvart PMR-nett dei disponerer. Departementet gjer ved denne revisjonen framlegg om ei vidare presisering i første ledd om at fastbeløpet på kr 100 000 blir lagd til brukarane av tofrekvenssystem, såkalla duplekssamband.

Vidare blir det gjort framlegg om å ta inn at brukarane av éin-frekvenssamband, såkalla simplekssamband blir pålagde eit fastbeløp på kr 50 000. Bakgrunnen for dette er at det har vist seg å vere noko mindre arbeid med å finne ledige simpleksfrekvensar samanlikna med dupleksfrekvensar, noko som kjem av at dekningsområdet for duplekssamband er større enn for simplekssamband. Den føreslegne endringa/presiseringa stemmer med korleis forskrifta er vorten praktisert dei seinare åra, ved at brukarar av simplekssamband berre skal betale halvparten så stort gebyr som brukarane av duplekssamband. Presiseringa vil heller ikkje gje nokon store utslag i form av auka gebyr for andre brukarar.

Som følgje av at første ledd første setning blir språkleg lang, gjer departementet framlegg om at setninga blir delt opp, slik at ho blir lettare å lese.

Til tredje ledd

Den nærare utrekninga av gebyr går fram av tredje ledd i regelen. I samband med omtalen av vektinga av frekvensløyve for PMR gjer departementet framlegg om at ein tek inn i regelen at det ved tildeling av ekstra éin-frekvenskanalar til alt eksisterande løyve, kjem til eit gebyr per ekstra éin-frekvenskanal som er lik to gonger gebyret for ein mobilstasjon. Dette er omtalt i framlegget til tredje ledd ved at ein ekstra éin-frekvenskanal blir tilordna ei vekt på 2.

Bakgrunnen for framlegget er at søknader om tilleggsfrekvensar genererer mykje arbeid for Post- og teletilsynet, noko som ikkje er spegla i eksisterande gebyrforskrift, og som det er behov for å adressere til dei aktuelle brukarane.

Til § 10 Gebyr for sendarløyve i frekvensband planlagt for kringkastingstenester

Til tredje ledd

Departementet gjer framlegg om å fjerne første setning i tredje ledd som handlar om analog-TV-kringkasting. I 2010 vil analog TV-kringkasting vere sløkt og det er derfor ikkje behov for å ha dette med i forskrifta.

Til § 12 Gebyr for spektrumsløyve

Gebyr for spektrumsløyve som ikkje blir fastsette etter § 9 første og andre ledd, blir fastsette etter denne paragrafen.

I andre og tredje ledd i regelen er det gjort framlegg om å endre tilvisingane til rett bokstav i § 8 tredje ledd, som følgje av dei føreslegne endringane om sløkking av analog TV-kringkasting.

I tredje ledd gjer departementet framlegg om å auke vektinga av bandbreidda for frekvensbandet 470-790 MHz frå 2 til 3. Bakgrunnen for dette er at innehavar vil få full utnytting av løyvet som følgje av at all TV-kringkasting vil vere digital i 2010.

Til i § 16 Gebyr for registrert leverandør eller radioforhandlar

Departementet gjer framlegg om å auke gebyret for leverandør av radio og terminalutstyr frå 6000 kr til 7000 kr og auke gebyret for radioforhandlar frå 1200 kr til 1500 kr. Gebyr for registrert leverandør og radioforhandlar blir auka for betre å samsvare med dagens ressursbruk ved utstyrsrelatert marknadstilsyn, medrekna tilsyn knytt til oppfølging av regelverket for omsetning av radio- og teleterminalutstyr i samsvar med EØS-avtalen.